

Høyringsuttale frå IL Søya

Kjære politikarar, vi ber dykk; bevar grendaskulen og bevar aktivitetane i grendene.

Styret i IL Søya ser med gru på forslaget om nedlegging av grendaskulane.

Vi er eit breddeidrettslag med aktivitet hovudsakleg for born i borneskulealder, vi arrangerer Indre Nordmøres største 1-dags fotballcup med deltakarar frå heile distriktet og vi driftar populære turmål besøkt av tusentals turgåarar og skientusiastar frå heile Midt-Noreg.

Dersom vår grendaskule blir nedlagt frykter vi for at dette vil ha store konsekvensar:

- Av erfaring frykter vi at borna vil være med på aktivitetar med sine medelevar, noko som vil tappa grenda-idrettslaga for utøvarar og medlemmar.
- Forlenga skuledag med både bussvent og lang reiseveg, betyr mindre tid for å nytte på fritidsaktivitet, men desto meir stillesitting og inaktivitet for små born.
- Foreldre vil måtte bruke lenger tid på køyring for å levere og hente på SFO, ettermiddagsklubben går ikkje opp. Mange born vil ikkje få moglegheit til å være med på organisert aktivitet, særleg dersom tilbodet i nærområdet ikkje lenger finns.

Ein direkte og den største konsekvens av skulenedlegging er mindre bolyst og mindre tilflytting og da automatisk færre medlemmer i idrettslaget.

Dette fører igjen til færre antall fotballag i kommunen, som igjen fører til færre motstandarar i nær omkrins. Reiseavstanden til nærmaste motstandar blir vesentleg lenger når det ikkje lenger kan reises til Bæverfjordbanen eller Søyabanen på bortekamp.

Nedlegging av Todalen og Stangvik oppvekstsenter vil gi mindre bolyst i vår grend, og dermed færre nye medlemmer i IL Søya. Færre born i aktivitet, færre til å ta på seg viktige frivillige verv og bortfall av viktige møteplassar og arenaer i grendasamfunnet.

Ingen til å klippe banen, ingen til å arrangere Søyacup, ingen til å vedlikehalde klubbhus, ingen til å arrangere barn i løypa og ingen til å køyre opp Strengentraséen til stor glede for mange.

Styret i IL Søya ber derfor politikarane tenkje seg godt om. JA til grendaskuler. JA til levende lokalsamfunn og aktivitet i HEILE kommunen.